



Produksjonen av godsaker for sal under julemarknaden var i full gang i skulekjøkenet fredag kveld då uskedalen.no var innom. Seks av damevennene deltok. Frå venstre: Ase Myklebust, Janne Hjelmeland, Anita Enæs, Randi Nybakk og Trude Hjørnevåg. Dei fem som ikkje var der var Gunn Mari Moberg, Klara Bakke, Sara Arnesen, Hildegunn Kletta og Ann Kristin Viken. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Aktivitetshusets Damevenner i Uskedalen er no i innspurten på eit rekordår. Når 2008 ringjast inn, vil dei i 2007 ha skaffa godt over 100.000 kroner til det gode føremålet. Samstundes er "storstova" i ferd med å bli fullført.

Fredag kveld gjorde den iherdige gjengen ein ny, stor innsats: Sju av dei 11 var i gang med å laga julegodt på skulekjøkenet. Godsakene skal selgjast under julemarknaden som kransar julegrantenninga fredag 30. november. Damene vil ha Gamleskulen som sin sals- og serveringsstad, men vil i tillegg servera graut i Helgheimkjellaren.

Damene boltra seg med marsipan og sjokolade i skulekjøkenet og dei smaksprøvene uskedalen.no fekk var farleg gode! Til dømes laga dei sveitserpastillar. Det er små, lekre peppermintekuler med mørk sjokolade i midten og du kan berre gle deg!



Trude Hjørnevig lagar godsaker. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Salet om to veker vil heilt sikkert gje meir i kassa enn dei 11.000 som kom inn under julemarknaden både i fjor og året før.

Seks tiltak har damene enten gjennomført eller vil gjennomføra dette året og her er faktisk/stipulert inntekt:

- Påskedans 20.000
- Aktivitetsdag midt på sommaren 30.000
- Haustfest 13.000
- Juledans 20.000
- Julemarknad 11.000
- Loddsal 15.000-20.000

Av Ola Matti Mathisen



Janne Hjelmeland kokar sjokolade (Foto: Ola Matti Mathisen)